



## TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 15

Telefaks 53 43 70 11

nn

UGGDAL, 11.09.2013

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
12/322-14	6603/13	020	FSK/FEL/ANTE	

### MØTEREFERAT 2. SEPTEMBER 2013

Det vart halde møte i eldrerådet måndag 2. september 2013 kl. 13.00 i rådhuset.

Desse møtte:

Freddy Jensen  
Erna Drange  
Anne Lise Holmelid

Helge Hauge hadde meldt forfall, og Harald Haaland møtte som vara.

Reidun Sellevåg møtte ikkje.

Elles møtte Anders Teigen som sekretær.

#### **Sak 7 Eldredagen**

Sissel Clausen frå Kontakten var med i deler av denne saka, og det vart drøfta litt rundt samarbeid med Kontakten om eldredagen.

Eldredagen vert 1. oktober kl. 14:00 i Uggdal – Grendatun. (Om dette ikkje er ledig, sjekkar ein med bedehuset i Våge.)

Billett vert kr. 200,-.

Snittar og kringle vert ordna av Sissel Clausen. Det vert å sjekka opp mot m.a. Marta om musikk, presten om eit innslag, Jan Belt, m.fl.

Det vil verta annonse i Bladet Tysnes, og påmelding til Erna Drange og Sissel Clausen.

Det vert eit arbeidsmøte onsdag 25. september kl. 14:00 for å planleggja meir.

## **Ymse**

Prosjektsjef Ivar Erstad orienterte om prosessen med ombygging av rådhuset, særleg med tanke på helsetenester og samlokalisering i bygget.

Det vart informert om konferanse om eldre og bolig, men dette vil ein ikkje delta på.

Det vart også informert om Fylkeseldrerådet sin konferanse på hotel Terminus 23. og 24 oktober. Her vurderer ein å senda ein deltakar.

Møtet slutt kl. 14:25.

Anders Teigen  
referent